


**Grunnvatn i
Sør-Trøndelag fylke**

NGU Rapport 92.166

Rapport nr.92.166		ISSN 0800-3416	Gradering: Åpen	
Tittel: Grunnvatn i Sør-Trøndelag fylke				
Forfatter: Oddmund Soldal		Oppdragsgiver: Miljøverndepartementet Norges geologiske undersøkelse		
Fylke: Sør-Trøndelag		Kommune:		
Kartbladnavn (M=1:250.000) Sveg, Røros, Trondheim, Kristiansund		Kartbladnr. og -navn (M=1:50.000)		
Forekomstens navn og koordinater:		Sidetall: 58	Pris: 90,-	
		Kartbilag:		
Feltarbeid utført: Juni - aug. 1990	Rapportdato: 21. juli 1992	Prosjektnr.: 63.2521.13	Ansvarlig: <i>Eirik Rohn-Torpo</i>	
Sammendrag: <p>Forholda for grunnvassforsyning er vurdert i tolv A-kommunar og elleve B-kommunar. A-kommunane Bjugn, Roan og Ørland vart vurdert i samband med Nord-Trøndelagsprogrammet.</p> <p>Kommunane i indre strøk har generelt gode forhold for utnytting av grunnvatn frå lausmassar. I ytre strøk av fylket er det lite lausmassar. Eventuelt grunnvassuttak i dei kommunane må i stor grad baserast på borebrønner i fjell. I midtre del av fylket ligg dei fleste vurderte områda under marin grense. Dette medfører at lausmassane der er svært finkorna og generelt lite eigna til grunnvassuttak. Den einaste grunnvassførekomsten av regional interesse ligg i Melhus kommune.</p> <p>Det er få problem med konkrete forureiningstrusslar mot dei vurderte grunnvassforekomstane, men diffus forureining frå landbruket kan vera eit problem mange stader.</p>				
Emneord:	Grunnvannsforsyning	Løsmasser		
Berggrunn	Grunnvann	Hydrogeologi		
Forurensning		Fagrapport		

Forholda for utnytting av grunnvatn i prioriterte område



Fylkeskartet viser forholda for utnytting av grunnvatn i dei områda som kommunane har prioritert. Ikkje alle stader der det er mogeleg å utnytta grunnvatn i fylket er med på kartet.

Tabell 1. Prioriterte forsyningsområde som er nærmere vurdert i GiN-programmet

Kommune	Stadnummer	Forsyningsområde
Agdenes	1	Ytre Agdenes
	2	Ingdal
	3	Lensvik
	4	Øyangen
	5	Åremma/Størdalen
Bjugn	1	Tarva
	2	Nes
	3	Lille Gjøglovann
	4	Aundalen
	5	Ny-Jord
Hemne	1	Hollaelva
	2	Svanem-Aae
	3	Hofset
Holtålen	1	Haltdalen
	2	Langlete
	3	Hessdalen
	4	Aunegrenda
	5	Ålen
	6	Vongraven/Nesvold
Klæbu	1	Hyttfossen
	2	Ståggån
	3	Vassfjellet skisenter
	4	Målsjøen
	5	Bjørkli
Malvik	1	Mostadmark
	2	Bakken/Fossen
	3	Herjuan/Hønstad/Hestsjøen
Meldal	1	Løkken
	2	Drogsetmoen
	3	Storås
	4	Lo/Dombu
	5	Meldal
	6	Jerpstad
Melhus	1	Gåsbakken
	2	Fremo
	3	Jåren
M. Gauldal	1	Soknedal
	2	Forsetmo
	3	Enodd
	4	Singsås
	5	Støren
Oppdal	1	Fagerhaug
	2	Lønset
	3	Svorunda/Vognild
	4	Driva/Tronda

Kommune	Stadnummer	Forsyningsområde
Orkdal	1	Svorkmo
	2	Vormstad
Osen	1	Steinsdalen
	2	Vingsand
	3	Sætervik
Rennebu	1	Ramlo/Kjønnan
	2	Nerskogen
	3	Innset
	4	Nordskogen
Rissa	1	Rissa
	2	Råkvåg og Sørfjord
	3	Selnes
	4	Bergmyran
Roan	1	Roan v.v
Røros	1	Galåen
	2	Langs Håelva
	3	Orvos/Glåmos
Selbu	1	Selbustrand
	2	Innbygda
	3	Flora
	4	Vikvarvet
	5	Øverbygda
	6	Dragsten
Skaun	1	Viggjam
	2	Skaun/Morken/Melby
	3	Åsbygda
Snillfjord	1	Vennastrand
	2	Vågan skole
	3	Fenes skole
	4	Tannvik barnehage
	5	Vingvågen
Trondheim	1	Elset
	2	Knutstadhagen
	3	Trolla
	4	Skjøla
	5	Røstad
	6	Digernesmyra
Tydal	1	Tydalsentrum
	2	Stugudal
	3	Græsl/Hilmo
	4	Løvøya
Ørland	1	Kråkvåg
	2	Storfosna
Åfjord	1	Åfjord sentrum
	2	Grøttingen
	3	Sørdalen
	4	Stordalen

INNHALD

FYLKESKART MED FORSYNINGSSTADER, SØR-TRØNDELAG	3
1 KVIFOR GRUNNVATN ?	8
2 GRUNNVATN I SØR-TRØNDELAG	10
2.1 Grunnvatn i fjell	10
2.2 Grunnvatn i lausmassar	11
2.3 Kjelder	15
2.4 Grunnvasskvalitet	15
3 GiN-KARTLEGGING I SØR-TRØNDELAG	16
3.1 A-kommunane	16
3.1.1 Agdenes	16
3.1.2 Bjugn	17
3.1.4 Melhus	18
3.1.5 Midtre Gauldal	18
3.1.6 Oppdal	18
3.1.7 Osen	19
3.1.8 Rissa	19
3.1.9 Roan	19
3.1.10 Snillfjord	19
3.1.11 Ørland	20
3.1.12 Åfjord	20
3.2 B-kommunane	20
3.2.1 Hemne	20
3.2.2 Klæbu	20
3.2.3 Malvik	20
3.2.4 Meldal	21
3.2.5 Orkdal	21
3.2.6 Rennebu	21
3.2.7 Røros	21
3.2.8 Selbu	21
3.2.9 Skaun	21
3.2.10 Trondheim	22
3.2.11 Tydal	22
3.3 Nøkkeltall	24
3.4 Forekomster av regional interesse	26
3.5 Forureiningstruslar	26

4	BEHOV FOR VIDARE UNDERSØKINGAR	27
5	REFERANSAR	28
6	NEMNINGAR NYTTA PÅ KART	34
7	KOMMUNEKART MED TABELLAR	35

BRUK NGU INFO I GRUNNVATNARBEIDET

(3. omslagsside)

1 KVIFOR GRUNNVATN ?

Omlag 1 mill. personar og ei rekkje næringsmiddelbedrifter i Noreg har utilfredsstillande vassforsyning. Helsestyresmaktene oppgjer at dette skuldast bruksmessige meir enn helsemessige faktorar. Humus er det viktigaste enkeltproblemet, men og menneskeskapt forureining øydelegg eller truar vassforsyninga mange stader.

Norsk eksport til EF av foredla næringsmiddel kan få problem dersom vasskvaliteten ikkje tilfredsstillar norske normer, uansett kva tilknytningsform vi får. Det er uheldig å skape tvil hos handelspartnarane våre ute og kundar heime, med omsyn til kvaliteten på dei produkta våre som er avhengig av vasskvalitet. Norske normer for vasskvalitet bør følgjast.

Forbrukarane er ofte skadelidande. Koking av vatn før konsum samt det å vere avhengig av dyre alternative drikkevarer, er eit problem.

Helsestyresmaktene meiner at grunnvatn oftast er det beste kjeldealternativet. Grunnvatn har mange fordelar som vasskjelde, men er lite utnytta i forhold til dei naturgjevne forholda; berre 14 % av innbyggjarane i landet nyttar grunnvatn til drikkevatt. Elles er EF- og dei andre EFTA-landa- vesentleg meir opptekne av grunnvatn enn det vi er, for dei brukar det tildels mykje meir. Men ynsket i landet vårt om å vere på høgda med omsyn til kunnskap om ressursane og å ta grunnvatn meir i bruk er styrka dei seinare åra.

Dei to viktigaste årsakene til at grunnvassanlegg fell langt rimelegare å byggje ut enn overflatevassanlegg, er desse: Behovet for vasshandsaming er for det meste mindre for grunnvatn enn for overflatevatn, og ofte vil det vere mogleg å finne ei akseptabel grunnvasskjelde nærare forsyningsområdet enn ei tilsvarende overflatevasskjelde.

Normalt vil grunnvassanlegg løne seg i forhold til fullrensing av overflatevatn dersom avstanden til vasskjelda er den same. Gjennomsnittleg blir forsiktig rekna 1/3 spart i anleggs- og driftskostnad ved dette alternativet. Men ofte vil jo anstandane til grunnvatn vere mindre, og innsparingane større. I dei fleste tilfella vil grunnvatn også lønne seg der alternativet er overflatevatn som berre treng å gjennomgå filtrering eller siling.

Hos oss krev vi at drikkevattnet skal vere hygienisk sikra ved to uavhengige barrierar mot forureining. Ved å nytte ei tilfredsstillande sikra grunnvasskjelde, er alt den eine barrieren teken vare på ved grunnvassreservoaret sjølv. Denne naturlege sikringa er både billig og driftsikker og er i høg grad med på den beredskapsmessige sikringa av

heile vassforsyningssystemet. Den andre barrieren kan takast vare på ved tilfredsstillande restriksjonar mot forureining. Dette er moment som bør vege tungt ved valg av vasskjelde.

Betydelege hygieniske, økonomiske og i det heile samfunnsmessige føremonar er såleis knytt til å nytte grunnvatnet betre og ved å betre våre kunnskapar om grunnvatn. Sidan grunnvatnet blir nytta lite, mens ein stor del av vassverka i landet som er baserte på overflatevatn, har problem med vasskvaliteten, kan ein sjå store vinstar ved å nytte grunnvatn meir til drikkevatn i framtida. På ei rekke andre område, som landbruksvatning og industrivatn, kan det og vere fordelar ved å nytte grunnvatn.

Det kan sjølvstøtt også vere ei rekkje problem knytte til grunnvatn. Sett under eitt framstår likevel fordelane ved å nytte grunnvatn framfor overflatevatn langt større enn ulempene.

2 GRUNNVATN I SØR-TRØNDELAG


Geologiske forhold avgjer om grunnvatn kan utnyttast, vassinnhald og evne til å transportere vatn varierer i ulike jord- og bergartar. Her vert det presentert ein enkel oversikt over fordelinga av ulike jord- og bergartar i Sør-Trøndelag.

2.1 Grunnvatn i fjell

Ingen bergartar i Sør-Trøndelag har porerom, grunnvatnet finnst berre i sprekker i fjellet. Dei ulike bergartane har ulik evne til å halda sprekker opne. Vassgjeverevnen varierer derfor med bergart, grad av oppsprekking, sprekkestørrelse, sprekkemønster og topografiske forhold.

Borebrønner i fjell er oftast berre aktuell vasskjelde for små vassverk. I dei fleste tilfelle vil ein borebrønn i fjell gje nok vatn til ein husstand eller eit gardsbruk.

Figur 1 viser eit forenkla kart over berggrunnen i Sør-Trøndelag. Generelt kan bergartane delast inn i to hovedklassar med omsyn til vassgjeverevne. Dei lyse og harde bergartane, gneisar, granittar o.l. har generelt god, og dei mørke og "mjuke" bergartane, fyllitt, glimmerskifer o.l., har dårleg vassgjeverevne.



Figur 1. Forenkla berggrunnskart over Sør-Trøndelag. (Reite, 1990, etter Sigmond, m.fl. 1984).

Dei mest markante sprekkeretningane i fylket er retta mot nordvest, mange dalføre og fjordar følgjer denne retninga. I ytre del av fylket går det ei markert forkastningssone, Verranforkastninga. Denne går frå Verran på Fosen, langs Skaundalen mot Rissa og sørvestover frå Lensvikområdet. Ein borebrønn i denne sona gjev 6000 l/time, dette er svært mykje og ein vil skjeldan finna tilsvarende kapasitet.

Dei mindre sprekkene som ikkje viser igjen på kart eller flybilete kan i mange tilfelle vera like viktige for vassgjevarevnen som dei store.

Mange av sprekkene kan vera igjenfylte av finkorna materiale eller mineralutfellingar. Dette gjer det vanskeleg å forutsei vassgjevarevnen til bergartene i ulike område. Berre boringar kan gje sikre svar, men vurdering av andre brønner i eit område kan gje gode indikasjonar på forholda.

Berggrunnen i fylket er dominert av omdanna sedimentære og vulkanske bergartar. Fyllitt og glimmerskifer dekkar dei største areala, men det finnst også mykje omdanna sandstein og vulkanske bergartar. Fyllitt og glimmerskifer finnst særleg sør for Trondheim. Vassgjevarevnen er liten, kapasitetar mellom 0 og 350 l/time (0-0,1 l/s) pr. borebrønn er vanleg.

Med tanke på grunnvassforsyning er varierende skifrar og glimmergneisar dei viktigaste bergartane i Trondheimsfeltet. Ein oppnår skjeldan meir enn ca. 1800 l/time (0,5 l/s) frå desse bergartene. Som oftast er kapasiteten mindre.

Trondhemitt er ein dypbergart som finnst i områda sør for Trondheim. Denne lyse bergarten har mykje betre vassgjevarevne enn dei generelt mørke bergartane som ligg omkring den.


I kyststrøka, i Trollheimen og i austlige deler av fylket er det gneisbergartar, granittar, migmatittar og amfibolitt. Dette er bergartar som er relativt godt eigna til uttak av grunnvatn. På Hitra og Ørlandet finnst det sandsteinar og konglomerat som også er eigna. Kapasitet pr. brønn i desse bergartane er som regel ein stad mellom 350 og 2000 l/time (0,1 - 0,6 l/s).

2.2 Grunnvatn i lausmassar

Det kvartærgeologiske fylkeskartet (Reite, 1990) gjev ein god oversikt over jordartsfordelinga. Dei dominerande jordartane i Sør-Trøndelag er leire og morene. Morene har størst utbreiing sør for Trondheimsfjorden og finnst særleg i dalsider og høgareliggjane strøk i fylket.

Leiravsetningar finn ein under marin grense (det høgaste nivået til havet etter siste istid). Figur 2 viser at denne er 96 m.o.h på Hitra, 124-166 m.o.h. på Fosen og ca. 180 m o.h. sør for Trondheimsfjorden.

Felles for desse jordartane er at dei generelt ikkje er eigna til uttak av grunnvatn. Enkelte stader kan leirinnhaldet i morenen vera utvaska, i slike tilfelle kan denne jordarten vera eigna til uttak av grunnvatn, t.d. på Fagerhaug i Oppdal. I mange område kan grave brønner i morene vera aktuell som vassskjelde til enkelthus og gardar.



Figur 2. Kartet viser dei områda i Trøndelag som låg under havnivå i slutten av siste istid. (Reite, 1990).

I Rørosområdet er det ein spesiell type finkorna jordart som vart avsatt i bredemnte innsjøar. Ein kan venta å finna ein del av dei same forholda der for uttak av grunnvatn som under marin grense.

Grunnvatn i store mengder kan utvinnast frå sand og grusavsetningar. Viktige forhold er størrelse og tjukkeleik på avsetningane og korleis dei ligg i høve til vatn og vassdrag. Opptil 5000 l/min (83 l/s) er ikkje uvanleg vassgjeverevne frå ein filterbrønn i slike avsetningar.

Sand- og grusavsetningar er danna av rennande vatn enten av breelvar i slutten på siste istid eller av elvar etter istida.

Avsetningar danna av smeltevatn frå brear kan liggja utan tilknytning til dagens vassdrag. Eit eksempel på dette er den store avsetninga i Kaldvelladalen i Melhus. På grunn av det store nedslagsfeltet er grunnvassavrenninga frå denne avsetninga ca. 300 l/s.


Dei fleste andre breelvavsetningane har mindre overflate og nedbørfelt. Derfor er uttak av store mengder grunnvatn frå desse avhengig av tilsig frå vatn eller vassdrag. Mange av dei store sand- og grusavsetningane er danna ved ulike brerandposisjonar for 10 000 til 11 000 år sidan. Figur 3 viser ulike israndtrinn i slutten av siste istid. I Gauldalen og mange andre stader finn ein restar av desse avsetningane, dei ligg som høge terrassar i dalsidene. I dei tilfella der desse avsetningane går under dalbotnen kan det vera gode forhold for uttak av grunnvatn.

Avsetningane utgjer store ressursar i form av sand og grus, men dei kan også ha andre bruksområde. Ved å bruka dei som rensemedium kan ein rensa overflatevatn for å oppnå drikkevasskvalitet på dette, eller ein kan rensa avløpsvatn, kloakk etc.. På Oppdal er det store mengder breelvmateriale som er fyllt opp i eit basseng i fjellgrunnen. Denne avsetninga ligg i tilknytning til eit vassdrag og er godt eigna til grunnvassuttak.

Andre typar av breelvmateriale finn ein i dei såkalla eskerane. Dette er avsetningar som er danna i tunellar under isbrear som er i ferd med å smelta. Eskerane står derfor ofte fram i terrenget som ryggar. I enkelte tilfelle kan dei vera dekkja av yngre avsetningar, t.d. leire, eller gå under vatn. Vassforsyninga til Røros er basert på uttak av grunnvatn frå ein slik esker som ligg i kontakt med overflatevatn.

Den andre gruppa av sand og grusavsetningar finn ein i tilknytning til dagens elvar. Under den marine grense finn ein elveavsetningane generelt som eit tynt lag over leiravsetningar. Enkelte stader kan avsetningane vera mektigare, opp til 10-20 m, og

dermed godt eigna til grunnvassuttak. I Meldal og i Selbu er det eksempel på uttak av grunnvatn frå slike avsetningar. Dersom elveavsetningane er tynne kan det nyttast liggjande brønnar.



- u u u Botnbreer
- Randmorener betinget av oppkalving
- Randmorener, hovedframstøtet i yngre dryas
- Randmorener, framstøt i sen yngre dryas

Figur 3. Israndtrinn i Sør-Trøndelag og tilgrensande strøk (Reite, 1990).

Der bekker renn frå dalsidene og inn mot større elvar er det ofte bygd ut bekkevifter. Desse avsetningane er ofte veileigna til uttak av grunnvatn. Under marin grense kan desse sand- og grusavsetningar vera blanda med leire. Dei vert derfor tette og ueigna i grunnvassamanheng, slike forhold finn ein bl.a. i Rissa. Liknande forhold kan ventast enkelte stader i Rørosområdet.

Over marin grense kan elveavsetningane vera mektigare enn under. Desse avsetningane finn ein som deltautbyggingar i innsjøar eller som vifter utbyggt av sideelvar.

2.3 Kjelder

Mange stader i fylket kan utnytting av kjelder vera ei aktuell vassforsyning. Dei største kjeldene finn ein i underkant av store sand- og grusterrassar, men også under strandvollar etc..

Kjelder kan også finnast som grunnvassutspring frå fjellsprekker. Kjelder er brukt i mindre vassforsyninganlegg mange stader i fylket.

2.4 Grunnvasskvalitet

Den naturlege kvaliteten på grunnvatnet i Sør-Trøndelag er for det meste god. Enkelte stader kan dei store myrområda gjera at grunnvatnet som er i kontakt med desse har dårleg kvalitet.

Også ulike berggrunnsforhold og lausmassar kan gje nedsett vasskvalitet, særleg på grunn av reduserande forhold i grunnen, men dette er ikkje noko utbreidd problem i fylket.

Under havnivå ved kysten kan det vera så høgt saltinnhald i grunnvatnet at det ikkje er eigna til drikkevatt. Dersom grunnvassuttaket er for stort, kan det vera fare for inntrengning av saltvatn til brønnar som går under havnivå. Også ein del leiravsetningar inneheld salt. Dette vert gradvis vaska ut og tilført grunnvatnet som dermed kan verta ueigna til drikkevatt.

3 GiN-KARTLEGGING I SØR-TRØNDELAG

Arbeidet i Sør-Trøndelag vart utført i 1990 og dels i 1991 i samband med NGUs Nord-Trøndelagsprogram. Fylkesansvarleg geolog har vore Oddmund Soldal, Universitetet i Bergen, Arne Grønlie, NGU, deltok i feltarbeidet i 1990 og Bernt Olav Hillmo, NGU, gjorde feltarbeid i 1991. Dessutan har Einar Tveten, NGU, skrivt ein del B-kommune rapportar. Fylkeskontakt har vore Glenly Foslie / Ragnhild Nisja, Sør-Trøndelag fylkeskommune.

Fylkeskommunen delte fylket inn i A- og B-kommunar. I A-kommunane vart det vinteren 1990 gjennomført kommunebesøk med oppretting av kontakt og innsamling av data som viktigaste formål. I desse kommunane vart det sommaren 1990 gjennomført synfaring og overflatekartlegging, enkelte utvalgte stader vart det også gjort boringar for å betra grunnlaget for vurderingane. I Bjugn, Osen, Rissa og Åfjord er det utført boringar i 1992 i samband med Nord-Trøndelags-programmet.

Alle kommunane på Fosen-halvøya er omfatta av NGUs Nord-Trøndelagsprogram. Dette inneber at dei alle får status som A-kommunar i løpet av GiN-perioden, og at bare Osen, Rissa og Åfjord får GiN kommunerapport i 1991. Dei øvrige kommunane får rapport fyrst i 1992.

Rapportane for B-kommunane er basert på kartstudie og samanstilling av tidlegare arbeid. Det er ikkje laga GiN-rapportar for Frøya og Hitra pga. tidlegare arbeid som har konkludert med at forholda for større grunnvassutnytting ikkje er tilstades i desse kommunane. Resultatet av kartlegginga uttrykt i personekvivalenter som har fått karakteristikkene hhv. "god", "mulig" eller "dårleg" framgår av figur 4. Relativt liten andel har fått karakteren "god" og "dårleg", dette skyldast at lite grunnundersøkingar har vore gjort.

3.1 A-kommunane


3.1.1 Agdenes

Det er 5 prioriterte område i kommunen. For alle stadene er det mogeleg at grunnvatn kan brukast til vassforsyning. I Ingdal ligg forholda til rette for uttak grunnvatn frå lausmassane, dei andre områda kan uttak frå fjell vera mogeleg. Det er stor usikkerheit til vurderinga for Lensvik fordi vassbehovet er stort.

Dersom det skal vera mogeleg å nytta grunnvatn frå fjell i Lensvik, må bergartene sin vassgjeverevne vera større enn gjennomsnittet. Og i alle tilfelle trengst det mange brønnar. Ei mogeleg knusningssone i fjellet er det beste staden for boringar.

GiN RESULTATER

Sor-Trondelag



Figur 4. Resultat av GiN-kartlegginga i fylket. Det samla vatnbehovet oppgeve fra kommunane for dei prioriterte stadene i pe er fordelt på "god", "mogleg" og "dårleg", se kapittel 7. Detaljene framgår av kommunerapportene.

3.1.2 Bjugn

Det er vurdert 6 område i kommunen. Det er truleg bra forhold for grunnvassuttak frå fjell i alle områda. Det er med unnatak av eit område også ein del lausmassar som truleg inneheld nyttbart grunnvatn.

3.1.3 Holtålen

Kommunen har prioritert 6 område for nærmare vurdering. I alle områda ligg forholda til rette for utnytting av grunnvatn frå lausmassar. På Langlete kan også grunnvatn frå fjell vera eit alternativ. Ved Ålen kan forurensinga vera eit problem. Det er kraftig gruveforurensing i elva og nedanfor kyrkjegarden vil truleg grunnvatnet ikkje vera eigna for bruk.

3.1.4 Melhus

I kommunen er det prioritert 3 område for vurdering. Ved Fremo og Gåsbakken har undersøkingar påvist gode forhold for grunnvassuttak. Aust for Jåren er truleg lausmassane godt eigna til uttak av grunnvatn. På Fremo er det grunnvassforekomstar av regional interesse.

3.1.5 Midtre Gauldal

Kommunen har prioritert 5 område for vurdering. Uttak av grunnvatn kan vera mogleg frå lausmassane i alle områda. Mange stader ligg dei eigna lausmassane som tynne kapper over finkorna avsetningar. Liggjande brønningar kan vera aktuelle løysingar under slike forhold.

Bergartene i kommunen har generelt dårleg vassgjevarevne og er vurdert til å vera ueigna i alle dei prioriterte områda. I Sokndal har det vorte utført ein del hydrogeologiske undersøkingar. Desse har vist at lausmassane i dalen ikkje er eigna, men det kan vera mogleg å nytta kjelder eller kunstig infiltrasjon.

3.1.6 Oppdal

Det er mogleg med grunnvassutnytting frå lausmassar i alle dei 4 prioriterte områda. På Fagerhaug og Lønset er også grunnvatn frå fjell mogleg. Nær Oppdal sentrum er det påvist gode forhold for uttak av grunnvatn.

3.1.7 Osen

Det er 3 prioriterte område i kommunen. I Steinsdalen er det mogeleg med grunnvatn frå lausmassar. Undersøkingar har vist grovkorna avsetningar som ligg som ei tynn kappe over finkorna, tette avsetningar. Liggjande brønnar kan vera eit alternativ her. I dei to andre områda kan grunnvatn frå fjell vera aktuelt.

3.1.8 Rissa

Det er til saman vurdert 4 område i kommunen. I Rissaområdet er det mykje lausmassar. Disse er dominert av leiravsetningar, men med innslag av sand og grus enkelte stader. Ingen eigna avsetningar er funne, men grunnvatn frå lausmassar kan likevel ikkje utelukkast.

På Bergmyran synest forholda for utnytting av grunnvatn frå lausmassar å liggja godt til rette, enten ved utnytting av kjelder eller ved borebrønnar. I Råkvåg og Sørfjord ser bergartene ut til å vera godt eigna, men vassbehovet er stort, så det trengst mange brønnar. Ved Selnes er det truleg gode forhold for fjellboring.

3.1.9 Roan

Det er bygd fleire grunnvassverk i kommunen. Eitt område er vurdert med omsyn på grunnvassforsyning til Roan vassverk. Ved Hagadalen - Kiran kan ein del strandavsetningar vera eigna for gravde brønnar. Også grunnvatn frå fjell kan vera aktuelt i området, men med det relativt store vassbehovet vil det trengst mange brønnar.

3.1.10 Snillfjord

I kommunen er det prioritert 5 område. Generelt er lausmassane lite eigna til grunnvassuttak. Ved Vågan skole og Tannvik barnehage kan truleg vasskvaliteten i dei gravde brønnane betrast ved å laga til betre inntaksordningar. Ellers synest det å vera mogeleg med grunnvatn frå fjell i dei andre områda i kommunen.

3.1.11 Ørland

Det er vurdert 2 område i kommunen. I desse områda kan det vera aktuelt med grunnvassforsyning, men for Stor-Fosna trengst det mange brønnar i fjell og dette vert eit kostbart alternativ. I Kråkvåg kan det vera mogeleg med gravde brønnar i strandavsetningar. Det kan vera fare for saltvassinntrengning i djupe borebrønnar i kommunen.

3.1.12 Åfjord

I alle dei 4 prioriterte områda i kommunen kan grunnvatn frå lausmassar vera mogeleg. Med unnatak frå Åfjord sentrum er også grunnvatn frå fjell mogeleg. Undersøkingar har vist lovande forhold for grunnvassforsyning til Åfjord sentrum. Det vil verta gjort nye undersøkingar i dette området. Generelt er lausmassane finkorna i alle dei prioriterte områda.

3.2 **B-kommunane**

3.2.1 Hemne

Kommunen har prioritert 3 område for vurderingar. I Svanem-Å er det påvist gode forhold i fjell. Også lausmassane kan vera eigna i det området. Ved Hollaelva og Hofset synest lausmassane å vera dårleg eigna, medan det kan vera mogeleg med grunnvatn frå fjell.

3.2.2 Klæbu

Det er vurdert 5 område i kommunen. Konklusjonen er at det kan vera mogeleg å nytta grunnvatn til vasskjelde i alle desse områda. Vassbehovet er lite og brønnar i fjell kan vera mest aktuelt til områda Ståggan og Vassfjellet skisenter. I dei andre områda, Hyttefossen, Målsjøen og Bjørkli, kan det vera best forhold for utnytting av grunnvatn frå lausmassar.

3.2.3 Malvik

Det er 3 prioriterte område i kommunen. Det kan vera mogeleg å ta ut grunnvatn både frå fjell og lausmassar i alle desse områda.

3.2.4 Meldal

Kommunen har prioritert 6 område for vurdering. Det kan vera mogeleg å ta grunnvatn frå lausmassar i alle områda. Berggrunnen er generelt dårleg eigna. Låge vassbehov for Drogsetmoen, Storås og Lo-Dombru gjer at grunnvatn frå fjell likevel kan vera aktuelt.

3.2.5 Orkdal

I kommunen er det 2 prioriterte område. Ved Svorkmo kan det vera mogeleg med grunnvassuttak både frå lausmassar og fjell. Rundt Vormstad synest forholda å vera dårlege, men området ligg så nær Svorkmo at felles vassforsyningsanlegg kan vera aktuelt.

3.2.6 Rennebu

I alle dei 4 prioriterte områda i kommunen kan det vera mogeleg å nytte grunnvatn frå lausmassane til vassforsyning. Bergartene i kommunen har generelt liten vassgjevar-evne utanom områda aust og sør for Innset.

3.2.7 Røros

Det er vurdert 3 område i kommunen. For områda Galåen og Orvos-Glåmos kan det vera mogeleg med grunnvassforsyning frå lausmassane. Mykje finkorna avsetningar i området gjer at vurderingane er relativt usikre. Langs Håelva ser lausmassane ut til å vera godt eigna, i dette området kan også grunnvatn frå fjell vera aktuelt.

3.2.8 Selbu

I alle dei 6 prioriterte områda i kommunen kan det vera mogeleg å nytte grunnvatn frå lausmassar. I områda Flora, Vikvarvet og Dragsten kan også grunnvatn frå fjell vera aktuelt.

3.2.9 Skaun

Det kan vera mogeleg å nytta grunnvatn frå lausmassar i alle dei 3 prioriterte områda i kommunen. I Viggja og Åsbygda er også grunnvatn frå fjell aktuelt.

3.2.10 Trondheim

Det er prioritert 6 område i utkanten av kommunen. Generelt er forholda dårlege pga. mykje leiravsetningar og fyltiske bergarter. Grunnvatn er truleg ikkje aktuelt for nokon av dei prioriterte områda pga. stort vassbehov. Løsmassar ved Skjøla kan imidlertid gje visse mogelegheiter for grunnvassuttak.

3.2.11 Tydal

Det kan vera mogeleg å nytte grunnvatn frå lausmassar i alle dei 4 prioriterte områda i kommunen. Også grunnvatn frå fjell synest å vera aktuelt i Stugudal, Græsli-Hilmo og ved Løvøya. Det må påreknast fleire fjellboringar i kvart område.


Tabell 2 Bruk av grunnvatn i Sør-Trøndelag fylke

Fylkeskontakt (for 1991) Ragnhild Nisja har gitt denne oversikten. Usikkerheiten i talla er ikkje oppgjeven.

Kommune	Vatnverk > 100 pe		Mindre enheter		Totalt		Befolkning
	Antall	%	Antall	%	Antall	%	Antall
Agdenes	0	0	40	2	40	2	1.916
Bjugn	0	0	0	0	0	0	4.900
Frøya	0	0	0	0	0	0	4.314
Hemne	0	0	45	1	45	1	4.390
Hitra	0	0	0	0	0	0	4.298
Holtålen	0	0	20	1	20	1	2.593
Klæbu	0	0	60	1	60	1	4.298
Malvik	0	0	12	0	12	0	9.526
Meldal	500	11	0	0	500	11	4.430
Melhus	815	7	237	0	1.052	7	12.200
Midtre Gauldal	450	7	313	5	763	12	6.081
Oppdal	0	0	350	6	350	6	6.164
Orkdal	0	0	850	8	850	8	10.199
Osen	0	0	15	1	15	1	1.323
Rennebu	120	4	211	7	331	11	2.939
Rissa	0	0	25	0	25	0	6.533
Roan	0	0	197	16	197	16	1.235
Røros	4.110	77	135	3	4.245	80	5.333
Selbu	0	0	200	5	200	5	4.120
Skaun	0	0	60	1	60	1	5.550
Snillfjord	550	45	15	1	565	46	1.220
Trondheim	1.800	1	50	0	1.850	1	136.000
Tydal	0	0	0	0	0	0	1.002
Ørland	0	0	0	0	0	0	4.880
Åfjord	405	11	10	0	415	11	3.593
SUM	8.750	3,5	2.845	1,2	11.595	4,7	247.995


3.3 Nøkkeltall

Tabell 2 viser at 4,7 prosent av innbyggjarane i Sør-Trøndelag nyttar grunnvatn i vassforsyninga. Dette utgjør omlag 11 600 personar. Vesentleg fleire får grunnvatn frå anlegg større enn 100 personer, enn fra mindre vassforsyningar. Røros er den kommunen som har høgst forsyningsgrad (80 %), dernest Snillfjord (46 %). Av øvrige kommuner har ingen forsyningsgrad over 16 %.



Figur 5. Bruk av grunnvatn i Sør-Trøndelag fylke. Data fra tabell 1 (Ellingsen 1991).

Det mulige grunnvatnpotensialet som er avdekket ved GiN-kartlegginga er framstilt i figur 6. Aktuell bruk er der stilt saman med totalantalet personekvivalentar som har fått vurderinga "god" eller "mulig" i GiN.



Figur 6. Mogleg grunnvatnpotensiale etter GiN-kartlegginga. Summen av "god"- og "mulig"-forekomster uttrykt i pe er framstilt saman med aktuell bruk av grunnvann, som framgår av tabell 1.

3.4 Forekomster av regional interesse

I indre deler av fylket er der ein del større forekomstar av lausmassar som inneheld store utnyttbare mengder av grunnvatn. Desse kan med fordel nyttast til den lokale vassforsyninga, men avstanden til andre befolkningssentra gjer det uvisst om dei er av interesse i regional målestokk.

